



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
19.09.2017
Dykkar dato
21.08.2017

Vår referanse
2017/4674 611
Dykkar referanse
AKDYJZ

Leiketun barnehage as
Holtermannsveien 2
5918 Frekhaug

Svar på søknad - Leiketun - Meland - Tilretteleggingsmidlar barnehage - lokale prioriteringar

Vi har motteke søknad om tilretteleggingstilskott for Jorunn Litangen, som er tilsett som assistent i Leiketun barnehage as.

Søknaden er godkjent for studieåret 2017-18 og Fylkesmannen i Hordaland overfører i desse dagar **kr. 25 000,-** til Meland kommune. Kommunen vil deretter overføre midlane til Leiketun barnehage as. Dersom studenten arbeider i fleire barnehagar må de avtale lokalt korleis midlane skal fordelast.

Vi har dette året prioritert å gi tilskott til arbeidsplassbasert- og deltid barnehagelærerutdanning i Hordaland. For studium som utgjer meir enn 30 studiepoeng blir det utbetalt kr. 50 000 pr. år. For studium med færre enn 30 studiepoeng er satsen kr. 1700 kroner året for kvart studiepoeng.

Bruk av tilretteleggingsmidlar

Tilskottet er gitt for at barnehagen skal leggje til rette for ei god gjennomføring av Jorunn Litangen sitt ABLU studium hausten 2017.

Barnehageeigar og studenten må samarbeide om bruken av tilskottet

Midlane skal gå til å dekke faktiske utlegg som den tilsette har hatt og som ho/han kan dokumentere. Dette er utgifter til reise, opphald, semesteravgift, til studiemateriell til det aktuelle studiet, eller andre dokumenterte utgifter. Midlane kan også brukast til vikar slik at den tilsette får permisjon med lønn.

I utgangspunktet skal ikkje midlane utbetalast som stipend, då dette fører til skatteplikt for den tilsette. Dersom dette skal skje må *arbeidsgjevar og den tilsette* vert samde om dette, og den tilsette må orienterast om at det utløyser skatteplikt.

Det blir ikkje gitt ekstra tilskot for arbeidsgjevaravgift.

Andre halvdel blir utbetalt våren 2018

Fylkesmannen utbetaler første halvdel av beløpet hausten 2017. For å få utbetalt midlar våren 2018, må den tilsette studenten framleis delta på studiet og følgje studieprogresjonen. Barnehageeigar må melde frå til kommunen som barnehagemyndigheit dersom den tilsette sluttar på studiet eller har forseinka studieprogresjon. Då har ein ikkje rett på tilskott. Kommunen gir beskjeden vidare til Fylkesmannen.

Andre vilkår

Fylkesmannen kan kontrollere at midlane er brukt etter føresetnaden, jf §10 i Bevillingsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane er brukt etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom eigarar ikkje har gitt rette opplysningar, eller har brukt midlane i strid med føresetnaden, kan Fylkesmannen krevje midlane tilbakebetalt.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Jorunn Litangen